

AVGJERD nr. S5

2016/EØS/12/28

av 2. oktober 2009

om tolking av omgrepet «naturalytingar» slik det er definert i artikkel 1 bokstav va) i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 ved sjukdom eller svangerskap og fødsel i medhald av artikkel 17, 19, 20 og 22, artikkel 24 nr. 1, artikkel 25 og 26, artikkel 27 nr. 1, 3, 4 og 5, artikkel 28 og 34 og artikkel 36 nr. 1 og 2 i forordning (EF) nr. 883/2004, og om utrekning av summar som skal refunderast i medhald av artikkel 62, 63 og 64 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009

(2010/C 106/18)(*)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN FOR
KOORDINERING AV TRYGDEORDNINGAR HAR —

med tilvising til artikkel 72 bokstav a) i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 av 29. april 2004 om koordinering av trygdeordningar⁽¹⁾, der det er fastsett at Den administrative kommisjonen har ansvaret for å handsame alle administrative spørsmål eller tolkingsspørsmål som følgjer av føresegnene i forordning (EF) nr. 883/2004 og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 av 16. september 2009 om fastsettelse av nærre regler for gjennomføring av forordning (EF) nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordningar⁽²⁾,

med tilvising til artikkel 35 og 41 i forordning (EF) nr. 883/2004 og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Når det gjeld bruken av artikkel 17, 19, 20 og 22, artikkel 24 nr. 1, artikkel 25 og 26, artikkel 27 nr. 1, 3, 4 og 5, artikkel 28 og 34 og artikkel 36 nr. 1 og 2 i forordning (EF) nr. 883/2004, bør det knytast ei meir presis tyding som er bindande for alle medlemsstatane, til omgrepet «naturalytingar» ved sjukdom eller svangerskap og fødsel, slik det er definert i artikkel 1 bokstav va) i forordning (EF) nr. 883/2004.
- 2) I samsvar med rettspraksisen til Domstolen til Den europeiske unionen må omgrepet «naturalytingar ved sjukdom eller svangerskap og fødsel» omfatte naturalytingar til pleietrengande personar.

Avgjerda er teken i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i artikkel 71 nr. 2 i forordning (EF) nr. 883/2004 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

I. Allmenne føresegner

1. Dei naturalytingane ved sjukdom eller svangerskap og fødsel som skal reknast med ved utrekning av refusjonar slik det er nemnt i artikkel 62, 63 og 64 i forordning (EF) nr. 987/2009 (heretter kalla «gjennomføringsforordninga»),

skal vere dei som vert rekna som naturalytingar i medhald av den nasjonale lovgjevinga som vert forvalta av den institusjonen som har gjeve ytingane, i den grad dei kan oppnåast i samsvar med artikkel 17, 19, 20 og 22, artikkel 24 nr. 1, artikkel 25 og 26, artikkel 27 nr. 1, 3, 4 og 5, artikkel 28 og 34 og artikkel 36 nr. 1 og 2 i forordning (EF) nr. 883/2004 (heretter kalla «grunnforordninga»).

2. Følgjande ytingar skal òg reknast som naturalytingar slik det er definert i dei førnemnde artiklane i grunnforordninga:
 - a) naturalytingar frå pleietrygda som gjev rett til full eller delvis direkte betaling av visse utgifter knytte til pleiebehovet til medlemmen i trygdeordninga, og som han/ho har direkte nytte av, til dømes sjukepleie og hjelp som vert gjeven heime eller i spesialiserte verksemdar, innkjøp av pleieutstyr eller arbeid som vert utført for å betre heimemiljøet; slike ytingar er i hovudsak meinte for å utfylle naturalytingar frå sjuketrygda med sikte på å betre helsetilstanden og livskvaliteten til pleietrengande personar,
 - b) naturalytingar som ikkje kjem frå pleietrygda, men har dei same kjenneteikna og føremåla som dei som er nemnde i bokstav a) ovanfor, i den grad dei kan reknast som naturalytingar frå trygda slik det er definert i grunnforordninga, og kan oppnåast på same måten som dei som er nemnde i bokstav a) i samsvar med føresegnene i dei førnemnde artiklane i grunnforordninga.

Naturalytingane som er nemnde i bokstav a) og b), skal reknast med i dei utgiftene som er nemnde i nr. 1 ovanfor.

3. Følgjande ytingar skal ikkje reknast som utgifter til naturalytingar slik det er definert i dei førnemnde artiklane i grunnforordninga:

- a) utgifter knytte til sjuketrygda, til dømes utgifter som har kome på ved forvaltning og handsaming av refusjonar til einskildpersonar og mellom institusjonar,

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT C 106 av 24.4.2010, s. 54, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 133/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 21.

⁽¹⁾ TEU L 166 av 30.4.2004, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 284 av 30.10.2009, s. 1.

- b) utgifter knytte til tildeling av ytingar, til dømes lækjarhonorar for utferding av lækjarattestar som er naudsynte for å vurdere graden av uforleik eller arbeidsevna til ein person,
- c) utgifter til medisinsk forskning og støtte til institusjonar som arbeider med førebyggjande medisin, tildelt av omsyn til det allmenne helsevernet, og utgifter til tiltak av allmenn art (som ikkje er knytte til risiko),
- d) eigendelar betalte av einskildpersonar.

II. Føresegner for utrekning av faste summar slik det er fastsett i artikkel 63 i gjennomføringsforordninga

- 4. Utrekninga av månadlege og samla faste summar i samsvar med artikkel 64 i gjennomføringsforordninga skal omfatte følgjande:
 - a) summen av naturalytingar som vert gjevne i medhald av dei nasjonale ordningane i bustadsstaten på grunnlag av artikkel 17, artikkel 24 nr. 1 og artikkel 25 og 26 i grunnforordninga,
 - b) summen av naturalytingar som vert gjevne på grunnlag av planlagd behandling utanfor bustadsstaten i samsvar med artikkel 20 og artikkel 27 nr. 3 og 5 i grunnforordninga,
 - c) utgifter til naturalytingar som vert gjevne til ein medlem av trygdeordninga under mellombels opphald utanfor bustadsstaten, i den grad utgiftene til desse ytingane

skal dekkjast i medhald av nasjonal lovgjeving, bortsett frå dei utgiftene som er fastsette i del II nr. 5 bokstav a) i denne avgjerda.

- 5. Utrekninga av månadlege og samla faste summar i samsvar med artikkel 64 i gjennomføringsforordninga skal ikkje omfatte følgjande:
 - a) summen av ytingar som vert gjevne under eit mellombels opphald utanfor bustadsstaten på grunnlag av artikkel 19 nr. 1 og artikkel 27 nr. 1 i grunnforordninga,
 - b) summen av ytingar som vert refunderte i samsvar med grunnforordninga eller på grunnlag av bilaterale eller multilaterale avtaler, bortsett frå refusjonar som gjeld planlagd behandling.

III. Andre føresegner

- 6. Utrekninga av summene som skal refunderast, skal så langt det er mogleg byggje på dei offisielle statistikkane og rekneskapane til opphaldsstaten eller bustaden, og helst på offisielle opplysningar som er offentleggjorde. Det skal opplysast om kjeldene for dei statistikkane som vert nytta.
- 7. Denne avgjerda skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho skal nyttast frå datoen då forordning (EF) nr. 987/2009 tek til å gjelde.

Lena MALMBERG

President for Den administrative kommisjonen